



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tormod Meisingset, 71 25 84 04

Høringsuttalelse saksnummer 202514086, melding med forslag til utredningsprogram for opprustning og utvidelse av Nedre Driva kraftverk - Sunndal kommune

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Innleiing

Statsforvaltaren viser til melding med forslag til utredningsprogram for Nedre Driva kraftverk.

Tiltaket vil medføre store endringar for vassdrag og landskap i både Drivavassdraget og Ålvundvassdraget med tilhøyrande verneområde i Trollheimen og Innerdalen. Ut i frå forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, og beskyttelsesregime i nasjonale laksevassdrag, jf. St.prp. nr. 32 2006-2007, samt pågåande kunnskapsinnhenting om endring av verneføremål til nasjonalpark i deler av tiltaksområdet, ønskjer vi ei avklaring frå NVE om tiltaket kan gjennomførast innanfor desse rammene før vidare behandling.

Generelt

Dei ulike tema synest tilfredsstillande omtalt. Forslag til utredningsprogram i kap. 8 manglar påverknad og konsekvens for verna vassdrag og verneområde, dette må med som eige punkt. Oppsummering av utredningsprogram med samanstilling av fagtema i konsekvensutgreiinga, val av metode og skildring av hovudfokus er kortfatta og oversikteleg.

For lokale tilhøve og kunnskap, må høyringsinnspel frå kommunane, verneområdestyre og grunneigarar som vert direkte påverka, vektleggast høgt i det vidare arbeidet.

Natur og vassmiljø

Det er ønskjeleg at det vert utgreidd alternativ med nedsenka utløp frå kraftverket, slik som det er planlagt ved Aura II-konsesjonen tvers overfor i Sunndalsfjorden. Vi har ikkje kunnskap om kor stort energitapet blir ved undersjøiske utløp frå kraftverk samanlikna med meir tradisjonelle utløp i eller

rett over havoverflata. Vi har heller ingen kunnskap om korleis undersjøiske utløp frå kraftverk påverkar oppvandrande laks og sjøaure og eventuelt om utløp på ulike djup kan ha ulik effekt på oppvandrande anadrom fisk. Dette bør derfor utgreiast.

Vi veit at kraftverksutløp over havflata ofte blir oppfatta som ei kunstig elv av anadrom fisk. I slike tilfelle vil kraftverksutløpet virke forstyrrande på laks og sjøaure som skal opp i nærliggande vassdrag.

Vi reknar og med at påverknaden på oppvandrande anadrom fisk vil kunne være ulik om utløpet er i nedre del av elvestrengen slik som i Litldalselva i dag eller om det er langt unna elveløpa. Vi ber derfor om at desse temaene blir nærare utgreidd.

I siste avsnitt i kap. 5.1.1 står det at *«de nye bekkeinntakene trenger nærmere undersøkelser for bedre datagrunnlag for å beslutte om de bør tas med i prosjektet eller ikke.»*

Statsforvaltaren ønskjer at det vert utgreidd eit alternativ der både bekkeinntak Gresjo I & II, samt overføring frå Langvatnet, utgår av prosjektet for å ivareta verneområde og verna vassdrag, evt. at også Sandvikelva vert spara for utbygging.

Det finst verdifulle naturtypar og raudlisteartar langs Driva og ved planlagde inngrep i Sunndal. Endra vassføring kan skade flommark, kantvegetasjon og fossar som er viktige for biologisk mangfald. Bekkeinntak og redusert vassføring kan påverke arter som er avhengige av flomdynamikk. Vi krev at kartlegging av naturtypar og raudlisteartar skjer etter gjeldande metodikk og at konsekvensane blir vurderte for både anleggs- og driftsfase.

Norsk raudliste for naturtypar 2025 er utarbeida med store endringar i metode og naturtypeinndeling samanlikna med raudlista for naturtypar frå 2018. [Miljødirektoratet](#) viser til at kartleggingsinstruks og data i tråd med ny raudliste for naturtypar på land blir tilgjengeleg for bruk i arealforvaltning først frå 1. januar 2027.

Ved utløp frå både Nedre Driva kraftverk og Aura II til Sunndalsfjorden vil det verte tilført store konsentrerte mengder ferskvatn. Det er viktig at det vert lagt til grunn ei samla belastning analyse og økosystemvurdering for Sunndalsfjorden. Dette også med tanke på at det vert planlagt å nytte seg av sjødeponi, og kva for effektar det vil gje. Forureining frå deponi og tunneldriving må utgreiast, særskilt ettersom Sunndalsfjorden er ein nasjonal laksefjord.

Alle tiltak må vurderast opp mot vassforskrifta § 12. Ein skal som hovudregel ikkje gje løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje vert nådd, eller at tilstanden vert dårlegare. Tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må vurderast etter vassforskrifta § 12. Det betyr at avbøtande tiltak må utgreiast.

Vassdrag

Vi viser til arbeidsdelinga mellom Statsforvaltaren og Miljødirektoratet i energisaker, der Miljødirektoratet som hovudregel skal gje uttale i saker der anadrome fiskebestandar blir berørt. I denne saka viser vi difor til Miljødirektoratet sin uttale når det gjeld anadrom fisk, men vi listar likevel opp nokre sentrale moment.

Driva er nasjonalt laksevassdrag med beskyttelsesregime jf. St.prp. nr. 32 2006-2007, tabell 6.1. Driva er den største og historisk sett den viktigste elva i fylket for sportsfiske, med fangstar av laks opp mot 18 tonn per år på 1960- og 1970-tallet før påvising av *G. salaris*.

Tabell 6.1 Beskyttelsesregime i nasjonale laksevassdrag

Tiltak	Formål	Ansvarlig myndighet	Sentrale vurderingsmomenter	
			Tiltaket kan ikke gjennomføres når det	Tiltaket kan gjennomføres når det
Uttak av vann	Jordvanning	Landbruks- og vassdragsmyndigheter	- fører til redusert alminnelig lavvannføring eller redusert vanndekket areal på lakseførende strekning	- kun fører til mindre endringer av vannføring
	Vannforsyning	Vassdragsmyndigheter og kommune		
Drenering, jord- og skogbruk	Jord- og skogbruk	Landbruks- og vassdragsmyndigheter	- endrer vannføringsforhold nevneverdig, særlig minstevannføring	- ikke medfører endrede vannføringsforhold nevneverdig
			- fører til endring av trofigrad	- ikke fører til endring av trofigrad
Vassdragsregulering	Vannkraft	Vassdragsmyndigheter	- fører til endring av naturlig vannføring, vanntemperatur, vannkvalitet eller vandringsforhold på lakseførende strekning som er av nevneverdig negativ betydning for laksen	- ikke fører til endring av naturlig vannføring, vanntemperatur, vannkvalitet eller vandringsforhold som er av nevneverdig negativ betydning for laksen
	Vannforsyning			- fører til mer naturlige forhold
Overføring av vann	Vannkraft	Vassdragsmyndigheter	- medfører overføring av vann fra annet vassdrag - medfører lukking av lakseførende del av hovedvassdraget	- kun medfører overføring av vann innen vassdraget - medfører lukking av lakseførende del av sidevassdrag på en kortere strekning enn for eksempel 20 meter
	Landbruk	Landbruks- og vassdragsmyndigheter		
Lukking av vassdrag	Bebyggelse	Vassdragsmyndigheter og kommune	- medfører lukking av lakseførende del av sidevassdrag over en strekning på mer enn for eksempel 20 meter	

Driva er i tillegg eit av Norges beste sjøaurevassdrag, og bestanden er difor av nasjonal verdi. Det er usikkert når Driva kan bli friskmeldt for *G. salaris*. Blir parasitten oppdaga på ny kan det ta lang tid. Oppumping av vatn til Gjevilvatnet er ikkje tillatt i dag på grunn av forskrift om restriksjonssone (Mattilsynet). Driva kraftverk har frå før eit utsettingspålegg på 34000 laksesmolt (stilt i bero pga. *G. salaris*).

Statsforvaltaren vil vise til fagkunnskap som kan vere nyttig i det vidare arbeidet;

- Driva har bestand av ål (kritisk trua)
- Ålvundelva (Ulvåa) er verna vassdrag og difor av nasjonal verdi. Vassdraget har bestand av mellom sjøaure, innlandsaure, laks (nær trua) og ål (kritisk trua). Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag gjeld. Det har vore meldt inn mogleg observasjon av elvemusling ovanfor anadrom strekning, som ikkje er dokumentert.
- Toåa er eit viktig laks- og sjøaurevassdrag av minst regional verdi. Det er og dokumentert ål. Det er også einaste vassdrag som har registrert observasjon av havniøye (nær trua) i Møre og Romsdal.

- Sandvikelva – det er påvist nokre få lakseungar og aureungar under kjemisk behandling mot G. salaris. Anadrom strekning er kort og førekomst av anadrom fisk er berre av lokal verdi, men elva er i eit naturreservat der Sunndal kommune er forvaltningsmyndigheit.

Ein må undersøke konsekvensar for innlandsfisk og evt. elvemusling i Ålvundvassdraget med tanke på fråfall av vatn og kva det vil bety for tilgang til gytebekker og oppvekstområde. Kartlegging og konsekvens for heile elveøkosystemet og økologisk tilstand må vektleggast høgt.

Verknader for nasjonale og regionale interesser må utgreiast. Vi ser det som lite sannsynleg at ei slik utbygging ikkje vil ha nemneverdig betydning for laks i Driva, jf. beskyttelsesregimet, og vil i så fall ikkje være ei akseptabel utbygging. Det er brukt svært store ressursar for å bekjempe G. salaris i Drivaregionen.

Landbruk

Tippområdet ved Hjellan vil ha negative konsekvensar for store områder med fulldyrka jord i Sunndal kommune. Dette er i strid med nasjonal jordvernstrategi og regionalt jordvernmål for Møre og Romsdal. I tilfelle deponi og reetablering av fulldyrka mark, så må det lagast ei matjordplan som ivaretek jordressursen, rettleiaren [Jordmassar – frå problem til ressurs](#) skal nyttast i arbeidet. Det må utgreiast alternative løysingar for massedeponi, inkludert samfunnsnyttig bruk av tunnelmassar.

Vi ber NVE leggje merke til bekymringar frå både kommunar og matprodusentar om Driva si viktige rolle i matproduksjon i dalføret. Lokal matproduksjon er kritisk i eit sjølvforsynings- og beredskapsperspektiv, og tiltak i elva som bidreg til auka risiko for reduksjon i matproduksjon er særst uheldig.

Samfunnsstryggleik

Vi ser forslaget til utgreiingsprogrammet inkluderer utgreiing av naturfare (inkludert konsekvensane av venta klimaendringar). Den endra tryggingspolitiske situasjonen gjer at òg villa hendingar vert meir relevant å vurdere no enn tidlegare. Kraftforsyning er ein kritisk samfunnsfunksjon, og det er viktig med robuste kraftverk i heile krisespekteret. Statsforvaltaren vil derfor tilrå at utgreiinga inkluderer vurderingar knytt til den endra tryggingspolitiske situasjonen, og moglege konsekvensar dette kan få for den vidare planlegginga av Driva-anlegget. Til dømes kan moglegheita for sabotasje vere eit aktuelt tema å inkludere i utgreiinga, og vi ser at sabotasje allereie er nemnd i høyringsbrevet.

Konklusjon

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal meiner at opprusting og utviding av Nedre Driva kraftverk vil kome i konflikt med nasjonale og regionale viktige omsyn som:

- Negativ påverknad på Driva som nasjonalt laksevassdrag
- Utfordrar verneføremålet i Trollheimen- og Innerdalen landskapsvernområde
- Negativ påverknad på verna vassdrag (Ålvunda- og Reindøla)
- Bryt med nasjonalt og regionalt jordvernmål

Statsforvaltaren viser til St.prp. nr. 32 (2006-2007), naturmangfaldlova §§ 8-12, gjeldande verneforskrifter, nasjonal jordvernstrategi og rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Med bakgrunn i moglege konsekvensar for verdifull natur og miljø, er vi kritiske til tiltaket slik det ligg føre.

Vi ber NVE avklare om tiltaket kan gjennomførast innanfor desse rammene før vidare handsaming.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Tormod Meisingset
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Vassdrag: Geir Moen, tlf. 71 25 84 71
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

Sunndal kommune	Postboks 94	6601	SUNNDALSØRA
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	Molde